

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.03.2021

Sigbjørn Framnes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Fylkesutvalet syner til vurderingane til fylkesrådmannen knytt til kostnadar, gjennomføring, framdrift, risiko, kompleksitet og finansiering;
 - a. Anleggsgjennomføringa i forslaget inneber omleggingar av hovudvegnettet mot Åsane av eit betydeleg omfang som kan gje prosjektet forseinkingar og konsekvensar i ein lang anleggsperiode. Ein ber om at framdrift og kostnadskontroll vert vektlagt i handsaminga av forslaget.
 - b) Forslaget baserer seg på løysingar med fråvik frå vegnormalane og det er uklart om vegdirektoratet vil gje aksept til desse fråvika.
2. Fylkesutvalet er positive til privat planarbeid for vidare byutvikling ved Eidsvåg lokalsenter, men legg til grunn at dette ikkje må føre til forseinkingar eller meirkostnadar for bybaneprosjektet eller omfattande bindingar for det offentlege planarbeidet for Bybanen til Åsane. Fylkesutvalet legg til grunn prinsipp om at dersom gevinsten av eit tiltak først og fremst ligg hos ein privat part, bør den private parten dekke kostnaden av tiltaket, også meirkostnadar som det private tiltaket medfører for utbygginga samla sett.
3. Bybaneutbygginga er eit økonomisk spleiselas og fylkesutvalet meiner planarbeidet må sikra at kostnadsnivået for BT5 vert halde lågast mogeleg, og at eventuelle endringar ikkje medfører auka bompengar.

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Fylkesutvalet står byrådet i Bergen sin avgjerd, og rår sterkt i frå ei vidareføring av Eidsvåg senter AS sitt alternative forslag for BT5 i Eidsvåg.

2. Fylkesutvalet sluttar seg til vurderingane til fylkesrådmannen knytt til kostnadar, gjennomføring, framdrift, risiko, kompleksitet og finansiering;
 - a. Anleggsgjennomføringa i forslaget inneber omleggingar av hovudvegnettet mot Åsane av eit betydeleg omfang som med stort sannsyn vil gje prosjektet store forseinkingar og konsekvensar i ein lang anleggsperiode.
 - b. Det alternative forslaget vil gje svært store meirkostnadar knytt til fordyrande element, kompleksitet og forseinkingar.
 - c. Med gjeldande finansieringsordning vil tilleggsløysingar ut over kostnadsrammene måtte dekkast inn med auka bruk av bompengar eller medføre at prosjektet ikkje vert realisert.
3. Fylkesutvalet er positivt til privat planarbeid for vidare byutvikling ved Eidsvåg lokalsenter, men legg til grunn at dette ikkje må føre til forseinkingar eller meirkostnadar for bybaneprosjektet eller omfattande bindingar for det offentlege planarbeidet for Bybanen til Åsane. Fylkesutvalet legg til grunn prinsipp om at der gevinsten av eit tiltak først og fremst ligg hos ein privat part, bør den private parten dekke kostnaden av tiltaket.
4. Ved ei vidareføring av forslaget frå Eidsvåg senter AS vil Fylkesutvalet måtte vurdere å gå imot planforslaget.

Morten Klementsen (U) sette fram slikt forslag:

«Punkt 2d utgår. Ekstra bompengefinansiering er uaktuelt å gjennomføre».

Kine Bratli Dale (A) sette fram slikt forslag:

«Alternativt forslag til punkt 2

2. Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sine bekymringar når det gjeld kostnadar, gjennomføring, framdrift, risiko, kompleksitet og finansiering av Eidsvåg senter AS sitt alternative framlegg for BT5 i Eidsvåg:

- a) Framlegget inneber i anleggsgjennomføringa omleggingar av hovudvegnettet mot Åsane av eit betydeleg omfang som med stort sannsyn vil gje prosjektet store forseinkingar og konsekvensar i ein lang anleggsperiode.
- b) Det alternative framlegget vil gje store meirkostnadar knytt til fordyrande element, kompleksitet og forseinkingar.
- c) Forslaget baserer seg på løysingar med fråvik frå vegnormalane og det er uklart om vegdirektoratet vil gje aksept til desse fråvika.
- d) Med gjeldande finansieringsordning vil tilleggsløysingar ut over kostnadsrammene måtte dekkast inn med auka bruk av bompengar, alternativt risikere at prosjektet ikkje vert realisert.

Avrøyting

Framnes sitt forslag fekk 2 røyster (FrP) og fall.

Andersen sitt forslag fekk 4 røyster (FNB, U, MDG, V) og fall.

Innstillinga punkt 1, 3 og 4 fekk 13 røyster (SP, A, SV, MDG, H, KRF, V) og vart vedteke mot 4 røyster (FNB, U, FrP).

Klementsen sitt forslag fekk 2 røyster (FNB, U) og fall.

Innstillinga punkt 2 fekk 3 røyster (SV, MDG, V) og fall.

Bratli Dale sitt forslag fekk 10 røyster (SP, A, H, KRF) og vart vedteke mot 7 røyster (FNB, SV, U, MDG, FrP, V).

Vedtak

1. Fylkesutvalet ønskjer å realisere bybanen til Åsane og understrekar betydninga av kontinuerleg utbygging av BT5.
2. Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sine bekymringar når det gjeld kostnadar, gjennomføring, framdrift, risiko, kompleksitet og finansiering av Eidsvåg senter AS sitt alternative framlegg for BT5 i Eidsvåg:
 - a) Framlegget inneber i anleggsgjennomføringa omleggingar av hovudvegnettet mot Åsane av eit betydeleg omfang som med stort sannsyn vil gje prosjektet store forseinkingar og konsekvensar i ein lang anleggsperiode.
 - b) Det alternative framlegget vil gje store meirkostnadar knytt til fordyrande element, kompleksitet og forseinkingar.
 - c) Forslaget baserer seg på løysingar med fråvik frå vegnormalane og det er uklart om vegdirektoratet vil gje aksept til desse fråvika.
 - d) Med gjeldande finansieringsordning vil tilleggsløysingar ut over kostnadsrammene måtte dekkast inn med auka bruk av bompengar, alternativt risikere at prosjektet ikkje vert realisert.
3. Fylkesutvalet er positive til privat planarbeid for vidare byutvikling ved Eidsvåg lokalsenter, men legg til grunn at dette ikkje må føre til forseinkingar eller meirkostnadar for bybaneprosjektet eller omfattande bindingar for det offentlege planarbeidet for Bybanen til Åsane. Fylkesutvalet legg til grunn prinsipp om at dersom gevinsten av eit tiltak først og fremst ligg hos ein privat part, bør den private parten dekke kostnaden av tiltaket, også meirkostnadar som det private tiltaket medfører for utbygginga samla sett.

4. Bybaneutbygginga er eit økonomisk spleiselag og fylkesutvalet meiner planarbeidet må sikra at kostnadsnivået for BT5 vert halde lågast mogeleg.